



## Særutskrift for Naustdal sokneråd

---

Tid: 05.05.2015

Naustdal sokneråd har i møte den 05.05.2015 hatt denne saka til handsaming:

### **NSR F - 32/2015 Høyringsuttale**

Spørsmål 2: Deler høyringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar:

Soknerådet meiner den noverande finansieringsordninga av Den Norske Kyrkje (DNK) over kommunale og statlige budsjett vil vere den beste til å sikre en brei folkekyrkje i alle lokalsamfunn i framtida.

Spørsmål 3: Dersom dagens finansieringsordning for DNK faller bort, hvilken ordning vi høyringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar:

Ei livssynsavgift, som alle betalar over skatteseddelen, vil vere den beste for å sikre lik behandling av alle, uanhengig av kva livssyn ein tilhøyrer.

Kyrkjebygga er blant dei største kulturskattane vi har her i landet. Dette må fortsatt vere eit offentlig ansvar, som staten er med å finansierar.

Spørsmål 5: Har høyringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en framtidig kirkeordning?

Svar:

Soknet må halde fram å vere den grunnleggande eininga i DNK, og ein legg til grunn at kyrkja skal halde fram å vere landsdekkande. Men ein ser at det er store forskjellar i demografi og folketal mellom by og land. Dette er eit vesentlig moment ein må ta hensyn til i det vidare arbeidet med ny struktur.

Spørsmål 6: Bør ordningen med to organer for soknet (meighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar:

Ja, oppgåvene bør fortsatt vere delt mellom to organ i kyrkja, og soknerådet bør ha ansvar for arbeidet i soknet.

Spørsmål 7: Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar:

Fellesrådsområdet bør følge den framtidige kommunestrukturen.

Spørsmål 8: Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom meighetsråd og fellesråd?

Svar:

Det må lagast ei klar oppgåvefordeling mellom dei to råda, slik at det blir balanse mellom dei, og begge råda får gode funksjonar. Det bør vidare framgå av Lovverket kva funksjonar som skal ligge til kvart råd, tydeligare enn det gjer i dag.

Spørsmål 9: Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar:

Soknerådet trur det vil fungere best med ei einskapeleg leiing og styring, og støttar difor fleirtalet i Kyrkerådet, punkt 1A: *et flertall i Kirkerådet mener all virksomhet i soknet bør inkluderes i styrings- og ledelsesansvaret for soknets organer. Det bør etableres ordninger for daglig ledelse som også inkluderer prestetenesten.*

Dette er dei spørsmåla Naustdal sokneråd har valt å fokusere på i denne omgang.

Naustdal sokneråd  
Ellinor Wergeland